

VEDLEGG til styresak 022/2023 Miljøstyring i Helse Førde HF

Møtedato: 07.03.2023

Miljøstyringssystem

Referat frå LEIINGA SIN GJENNOMGANG

Møte: Føretaksleiinga, 07.03.2023

Leiinga sin gjennomgang (LGG) av miljøstyringssystemet skal gjennomførast for å sikre at styringssystemet er fungerande, at det er i samsvar med lover og føreskrifter og at det er i kontinuerlig forbetring. Det vert vidare lagt opp til to gjennomgangar årleg, tentativt i februar og september.

Gjennomgangen syner status på følgjande tema og oppsummerer med forslag til forbetring:

1. Status tiltak frå føregåande gjennomgang
2. Endringar som har påverka miljøstyringa sidan sist gjennomgang
3. Miljøprestasjonar med måloppnåing
4. Etterleving av samsvarsforpliktingar
5. Revisjonar
6. Miljørelaterte avvik 2022
7. Ressursbehov
8. Innspel til forbetring

1. STATUS TILTAK FRÅ FØREGÅANDE GJENNOMGANG

Den siste dokumentasjonen i Elements for LGG av miljøstyringssystemet er frå august 2020. Det har vorte gjort ein del endringar med miljøstyringa i Helse Førde sidan denne. Mellom anna har

ein gått vekk frå ekstern sertifisering og arbeider no etter nasjonalt rammeverk og nasjonale miljømål. Dokumentasjonen av LGG frå 2020 peikar på to forbetningsforslag:

a. Sortering av plast i FSS

Det er gjennomført «Miljøsjekken¹» ved FSS, NSH og LSH, og det er tilrådd å utarbeide informasjonsplakatar for sortering. Norsk Gjenvinning som gjennomfører Miljøsjekken har malar for dette og kan bistå i arbeidet. Dette er planlagt som tiltak. Det er oppfatta at det er uklare retningslinjer i organisasjonen for korleis ein skal sortere og kva fraksjonar vi kan sortere i. Det kan sjå ut til at det er ein risiko for dårlegare sortering ved flyttingar, jamfør sorteringssystemet i Angabygget der det ikkje er kjent blant brukarane kva fraksjonar ein kan sortere i.

b. Betre oppfølging av miljøhandlingsplanen

Rettleiinga for handlingsplanen er justert. Det vert også gjort forsøk i nokre seksjonar på å føre handlingsplanane inn i Synergi. I samband med dette er det spelt inn ein del endringsforslag til handlingsplanmodulen. Om det vert gjennomført justeringar på denne, og Synergi blir tatt i bruk som system for føring av handlingsplanar, vil oppfølginga av miljøhandlingsplanar bli klart enklare enn i dag. For å sikre at avdelingane også har fokus på miljøprestasjonar, vert det rådd til å legge til eit punkt i LGG for klinikkane om t.d. status på tiltak i miljøhandlingsplanen.

2. ENDRINGAR SOM HAR PÅVERKA MILJØSTYRINGA SIDAN FØRRE GJENNOMGANG

Det er gjennomført store endringar i miljøstyringssystemet. Det er endringar av styringsdokument, rutinar for dokumentering og endring i når dei ulike aktivitetane i ISO 14001 skal gjennomførast.

Rammeverk for miljø og berekraft i spesialisthelsetenesta vil etter alt sannsyn erstattast av *Spesialisthelsetenesta sitt rammeverk for samfunnsansvar*. Det er usikkert korleis dette kjem til å påverke miljøstyringssystemet. Det blir fleire oppgåver knytt til rådgjevar for miljø og samfunnsansvar (risiko a) som kan føre til mindre fokus på oppgåver knytt til klima og miljø. Dette må takast med vidare til neste LGG for å gjere vurdering når nytt rammeverk er teke i bruk.

Vi har gått vekk frå ekstern sertifisering i Helse Førde (risiko b). Vi ser at ein del av dei andre sjukehusa har valt å halde fram med den eksterne sertifiseringa. For å redusere risiko har

¹ Årleg systematisk gjennomgang i regi av Norsk Gjenvinning med fokus på krav frå myndigheiter og bedrifta sine eigne krav og målsettingar knytta til miljø og avfallshandtering.

rådgjevar for miljø og samfunnsansvar delteke som observatør av Kiwa sin oppfølgingsrevisjon av Helse Bergen i februar 2023. Ved behov kan det bli aktuelt å kontakte andre føretak som også har gått vekk frå ekstern sertifisering for å revidere kvarandre.

Det er ein risiko for at strammare økonomi i helseføretaka kan føre til redusert evne til å prioritere ressursar på til dømes tiltak for energieffektivisering, jamfør solcelleanlegg på Livabygget (risiko c). For 2022 og 2023 har dei overordna tiltaka i miljøstyringa vorte utarbeidd med små kostnader knytt til gjennomføring. Under tilrådingar vert det lagt fram forslag om ein større prosess rundt utarbeiding av tiltak for seinare år, for å sikre midlar, forankring og tilstrekkeleg måloppnåing.

Helse Førde har stått utan rådgjevar for miljø fleire månader i 2021 og 2022 (risiko d). I samband med fleire prosessar rundt Nye Førde sjukehus (NFS) har nok dette spesielt vore sårbart, t.d. for å sikre gjenbruk. Rådgjevar for miljø og samfunnsansvar er no kopla på fleire av desse prosjekta, og det ser ut til at det tek til å bli kjent i organisasjonen at det er komme på plass ny i rolla.

Det er behov for gjennomgang av datakvalitet på ein del av rapporteringspunkta i klimarekneskapet (risiko e). Dette er eit pågåande arbeid nasjonalt i forbindelse med at klimarekneskapet skal inn i Power BI.

		Konsekvens			
		Ubetydeleg (1)	Moderat (2)	Alvorleg (3)	Kritisk (4)
Sannsyn	Sannsynleg (4)		c		
	Mogleg(3)		d		
	Mindre sannsynleg (2)	a	f		e
	Usannsynleg (1)			b	

Tabell 1: Risikomatrise


Nytt intranett kan vere både ein moglegheit og ein risiko (risiko f). For å klare å oppnå målsettinga om miljøbevisste medarbeidarar i alle einingar vil ein sentral kommunikasjonskanal vere essensiell.

Av andre moglegheiter har covid gjort til at både pasientar og tilsette har blitt van med digitale løysingar som videokonsultasjonar og digitale konferansar. Dette vil truleg vere med å lette jobben om å auke delen polikliniske konsultasjonar over video eller telefon samt at det kan vere med å redusere reiseverksemda til medarbeidarar. Dette er to aktivitetar som påverkar klimarekneskapet til HFD høgt. Generelt er fokuset på klima og miljø komme sterkare både gjennom haldninga i befolkninga og gjennom føringar og forventningar frå staten, jamfør Eierskapsmeldinga for 2022-2023 (Meld. St. 6 (2022-2023)).

3. MILJØPRESTASJONAR

Helse Førde har over fleire år levert tal til eit felles nasjonalt klimarekneskap for spesialisthelsetenesta. I denne rekneskapen rapporterer vi på scope 1 og 2 – det vil seie våre direkte utslepp og litt til. Vi rapporterer ikkje på scope 3. HBE har fått gjort utrekningar på scope 1, 2 og 3 gjort i samarbeid med Klimapartnere. Der anslår dei at om lag 90 % av utsleppet ligg i scope 3. Helse Førde bør derfor også vurdere å skaffe tal for scope 3. Som nemnd i kapittelet over ser ein på datakvaliteten bak tala i klimarekneskapet for å sørge for at ein kan samanlikne tala både med seg sjølv og andre helseføretak.

a. Status overordna tiltak



Figur 1: Oversikt status for overordna miljøtiltak per 17.02.23.

b. Klimarekneskap

Miljøprestasjonane for hovud- og delmål presenterast visuelt i vedlagt presentasjon.

	2019	2020	2021	2022
Forbruk (tonn CO ₂ e):	10 807	9 851	9 642	9 767
Tilsette (stk):	2 286	2 359	2 433	2 444
Brutto areal (m ²)	100 470	93 314	93 314	100 374
Antal utsleppsfrie køyretøy:		5	6	15 (25 %)
Antal ladepunkt:		24	28	54
Tonn avfall:	540,68	599,6	591,4	638,7

Tabell 2: Nøkkeltal frå klimarekneskap.

4. SAMSVARSEVALUERING

For å kontrollere at ein følger lover og reglar får vi årleg oversikt frå samarbeidsutvalget Grønt sjukehus om kva miljørelaterte lover og føresegner vi må forhalde oss til. Samsvarsevaluering er i miljøstyringa planlagt til april 2023. Det er likevel gjennom revisjon og Miljøsjekken avdekket område der vi ikkje følger gjeldande lovkrav: Energilova og energimerkeforskrifta, avfallsforskrifta og forureiningslova.

5. REVISJONAR

Frå tidlegare har det vore gjennomført fleire eksterne og interne revisjonar. Vi gjennomførte revisjon den 6. februar 2023 med energileiing som tema. Rapporten frå denne er enno ikkje ferdigstilt. Det er fleire tilrådingar frå tidlegare revisjonar som ikkje er følgt opp.

6. MILJØRELATERTE AVVIK I 2022

Det er utfordringar med at ein del tiltak som omfattar miljø ikkje vert registrert i Synergi. Dette kan gjelde avvik knytt til energiforbruk, avfallshandtering og leverandøravvik. I tabellen under ser vi talet på avvik knytt til ulike tema i Synergi i 2022, samt forslag til tiltak som kan leggest inn i tiltaksbanken, og tiltak som blir ivaretekne av rådgjevar for miljø om samfunnsansvar.

Tema:	Antal avvik/ forbetringsidéar	Forslag til tiltak
Avfallshandtering	23	Gjennomgang av prosedyrer for avfallshandtering i kvar enkelt avdeling. Gjennomføring av miljøsjekken i regi av Norsk Gjenvinning med utarbeiding av infografikk om sorteringsfraksjonar. Sak om avfallshandtering på intranett.
Smitte/hygiene	4	Alle sakene som omfatta smitte og miljø er relatert til avfallshandtering. Sjå tiltak i punkta over.
Kjemikalie	8	Gjennomgang av prosedyrer knytta til kjemikaliehandtering. Gjennomføre risikovurdering i EcoOnline.
Forbetringsidéar	2	Gjennomgang av bruk av plastglass ved HFD. Vurdere bruk av oppladbare batteri.

Tabell 3: Fordeling av miljøavvik i HFD knytta til ulike tema.

7. RESSURSBEHOV

Det kjem tydeleg fram av styringsdokumentet for miljøstyringa i HFD kven som har ansvar. Etter at føregåande miljørådgjevar slutta i HFD har det vore inne ein konsulent frå PWC for å klargjere for ny rådgjevar. Vi har framleis nokre timar igjen av denne avtalen, og dei nyttast mellom anna til planlegging og gjennomføring av matsvinnworkshop med tilsette på kjøkken ved FSS.

Ein stor del av arbeidet med å nå ut til organisasjonen handlar om kommunikasjon og involvering og det vil vere svært nyttig om ein kan få avsett midlar til gjennomføring av ulike kampanjar (sykle til jobben, konkurransar, grøn veke m.m.). Det bør også takast stilling til om ein bør kjøpe medlemskap i Klimapartnere. Dei gjennomfører undervisning, opplæring og kan bidra inn med føring av eit utvida klimarekneskap for scope 3 (indirekte utslepp).

VURDERING

Leiinga sin gjennomgang av arbeidet med miljøstyring syner at er god framgang og blir arbeidd systematisk med å nå dei meir langsiktige måla som er sett for spesialisthelsetenesta. Dei forbetringpunkta som er påpeika vil bli fulgt opp innanfor føretaket sine budsjettammer.

Med bakgrunn i leiinga sin gjennomgang har administrerande direktør i føretaksleiinga gjort følgjande vedtak for å sikre at styringssystemet er fungerande, at det er i samsvar med lover og føreskrifter og at det er i kontinuerlig forbetring.

Vedtak etter gjennomgang 07.03.2023:

1. Miljøstyringa skal vere ein integrert del av verksemdsstyringa.
 - a. Det skal arbeidast vidare for sjå korleis ein kan integrere/samordne dokumentasjon om miljøstyringa med øvrig kvalitetsstyring, for å sikre samsvar mellom dokumenta og unngå unødig meirarbeid. Dette gjeld t.d. leiinga sin gjennomgang, interessentanalyse, samsvarsvurdering.
2. Det vert utarbeidd plan for overordna miljøtiltak og klimabudsjett frå 2024. Dette skal sikre god forankring, rett og føreseieleg ressurstilgang, og at ein har tiltak som treff måla.
3. Det skal deretter gjennomførast tertialvis eigenvurdering av miljøstyring i LGG.
 - a. Det vert lagt til eit punkt i LGG for klinikkane om miljøtiltak.
 - b. Det skal vurderast korleis ein enklast mogleg (helst automatisert) kan få oversyn over resultat av tiltak i einingane sine miljøhandlingsplanar.
4. Helse Førde vurderer medlemskap i Klimapartnere frå 2023.
5. Det skal vere systematisk og god informasjon til medarbeidarane om miljøstyring og deira ansvar i dette, jamfør målet om at medarbeidarane skal vere miljøbevisste.
6. Det vert utarbeidd prinsipp og retningsline for gjenbruk av møblar og utstyr, og livssykluskostnader i innkjøpsprosessen.